

Yngve Myhre - frå Brann til Sogndal.

08.12.2014



Yngve Myhre, her fotografert etter målgang i New York Marathon, er klar for Sogndal.

**Uskedelingen Yngve Myhre som sidan 2008 har jobba i den gode utviklingsavdelinga i sportklubben Brann, er no klar for nye utfordringar. Han er nemleg tilsett som leiar av det medisinske teamet i 1. divisjonsklubben Sogndal.**

Yngve Myhre er utdanna fysioterapeut, og i Brann har han gjort ein så god jobb i utviklingsavdelinga at Brann trass i økonomiske nedskjeringar, hadde ønske om å ha han med vidare på laget. I sesongen som no er avslutta, har han vore fysioterapeut og fysisk trenar for det Brann-laget med størst suksess, nemleg G-19-laget. Dei hadde ein svært god sesong som vart toppa med at dei vart Noregsmeister. Nyleg fekk dei melding om at dei skal vere Noregs representant i Champion League for junior neste sesong.

Det er såleis ein spennande jobb Yngve forlet i Bergen, men han ser jobben i Sogndal som endå meir ansvarsfull og utfordrande. Der skal han vera leiar for det medisinske apparatet rundt A-laget. Arbeidet med å førebyggja skader vert sentralt, og han kjem til å arbeida tett med den fysiske trenaren.

Ny hovudtrenar i Sogndal er den tidlegare Englandsproffen Eirik Bakke. Han spela mange år på storlaget Leeds då det var betre tider der.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat

